



DET KONGELEGE  
UTANRIKSDEPARTEMENT

# St.prp. nr. 73

(2006–2007)

## Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 25. mai 2007,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Stoltenberg II)*

### 1 Bakgrunn

Rammeprogram til EU for forbrukarpolitikk (forbrukarprogrammet) vart formelt vedteke i EU 18. desember 2006 ved europaparlaments- og rådsavgjerd 1926/2006/EF.

Ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming av forbrukarprogrammet inneber ei endring av protokoll 31 i EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene, slik at samarbeidet vert utvida til å omfatte rammeprogrammet for forbrukarpolitikk.

Føremålet med programmet er å sikre eit høgt nivå for forbrukarvern, særleg gjennom eit betre kunnskapsgrunnlag, og betre konsultasjon med og representasjon frå forbrukarinteresser.

Norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med budsjettvedtak over fleire år, og i samsvar med § 26 andre leddet i Grunnlova er det difor naudsynt med samtykke frå Stortinget til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg skal kunne ta del i programmet så tidleg som mogleg, er det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda er teken i EØS-komiteen.

Utkast til avgjerd i EØS-komiteen og uoffisiell norsk omsetjing av europaparlaments- og rådsavgjerd 1926/2006/EF av 18. desember 2006 følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

### 2 Nærmare om rammeprogrammet

Avgjerda inneber ei vidareføring av det andre rammeprogrammet (2003–2006) for aktivitetar på forbrukarområdet, men med ei rekkje endringar og nye føresetnader. Det første forbrukarprogrammet gjaldt i tidsrommet 1999–2003, og vart mellom anna innført for å gje ein klarare heimel for at Fellesskapet skal kunne finansiere aktivitetar i forbrukarsektoren. EFTA-EØS-statane har teke del i programmet frå og med år 2000.

Det nye programmet har følgjande hovudmål: Å sikre eit høgt nivå for forbrukarvern, særleg gjennom betre kunnskapsgrunnlag, og betre konsultasjon med og representasjon frå forbrukarinteresser. I tillegg skal det sikrast ein effektiv bruk av regelverka for forbrukarvern, spesielt gjennom samarbeid om handheving, informasjon, utdanning og tvisteløysing.

Midlane under programmet skal nyttast til å finansiere aktivitetar på følgjande område:

- Innhenting, utveksling og analyse av kunnskap for å få eit betre grunnlag for tiltak
- Vitskapleg rådgjeving og risikoevaluering
- Bruk av juridisk og teknisk ekspertise, og seminar, konferansar osv. i samband med regelverkstiltak
- Økonomisk støtte til europeiske forbrukarorganisasjonar og organisasjonar som tek hand om

forbrukarinteressene i standardiseringsarbeidet

- Opplæring av europeiske, nasjonale og regionale forbrukarorganisasjonar
- Samarbeid mellom nasjonale handhevingssstyresmakter for regelverk om tryggleiken og dei økonomiske interessene til forbrukarane
- Vurdering av nasjonal gjennomføring av viktige forbrukarregelverk
- Informasjon, rådgjeving og tvisteløysing
- Forbrukarutdanning

I lys av røynselene frå det førre programmet er det gjort ei rekkje endringar og nye føresetnader i det nye programmet:

Såkalla «specific projects» (forskning/utgreiing/framskaffing av kunnskap) vil ikkje lenger kunne få støtte. Før har einskildpersonar og institusjonar kunna søkje om prosjektmidlar, men ordninga er funnen å gje lite utbytte i høve til innsatsen. Elles vidarefører framlegget i store trekk dei eksisterande aktivitetane og innsatsområda. Satsinga på opplæring av NGO-ar, særleg i dei nye medlemsstatane, vil verte vidareført. Det vert framleis nytta store ressursar på nettverket for europeiske forbrukarkontor (ECC-Net).

I det nye programmet skal mykje av det administrative og operative arbeidet setjast ut til ei eiga avdeling i EUs byrå for helse, som skal vere under styring frå Kommisjonen.

Hovudregelen er at tilskot til samarbeidsaktivitetar mellom Kommisjonen og medlemsstatane ikkje skal overstige 50 %. Det vert opna for finansiering med opptil 70 % for prosjekt som har «eksepsjonell nytteverdi». Unntak omfattar støtte til organisasjonar som tek hand om forbrukarinteressene i standardiseringsarbeidet (95 %), og eit nytt tiltak for å utvikle ein europeisk mastergrad i forbrukarfag (80 %).

Det skal framleis utarbeidast årlege arbeidsprogram. Desse inneheld særleg prioriteringar av tiltaksføremål, fordelinga av det årlege budsjettet på ulike typar tiltak, tidsplan for utlysing av midlar, framlegg til fellestiltak mellom Kommisjonen og medlemsstatane, kriterium for å søkje om midlar og ramme for den årlege tildelinga av midlar. Den rådgjevande komiteen som er knytt til programmet, skal handsame og uttale seg om arbeidsprogrammet og dei ulike framlegga som ligg i dette.

### 3 Konstitusjonelle tilhøve

Fordi den norske deltakinga i ordninga inneber økonomiske utgifter som skal finansierast over

fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltakinga i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EØS-EFTA-statane å formelt ta del i ordninga så snøgt som råd i 2007, ber Regjeringa om Stortinget sitt samtykke før avgjerda i EØS-komiteen vert teken. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald om konstitusjonelle prosedyrar ved avgjerd i EØS-komiteen.

Det er ikkje venta at det vil kome endringer i utkastet til avgjerd i EØS-komiteen. Dersom den endelege avgjerda ikkje i det alt vesentlege er i samsvar med utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

## 4 Avgjerda i EØS-komiteen

Avgjerda vil innehalde ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga vert det vist til EØS-avtala, og spesielt til artiklane 86 og 98, som gjer det mogleg å endre vedlegg til avtala gjennom vedtak i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at europaparlaments- og rådsavgjerd 1926/2006/EF av 18. desember 2006 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk (2007–2013) skal innlemmast i Protokoll 31 artikkel 6 som nytt nr. 3 etter nr. 2.

I artikkel 2 er det fastsett at avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke meldinga om at alle forfatningsrettslege krav for godkjenning av avgjerda er oppfylt i samsvar med artikkel 103 nr. 1 i avtala.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda i EØS-komiteen skal kunngjerast i EØS-delen av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

## 5 Administrative og økonomiske konsekvensar

Det andre programmet hadde ei ramme på 72 mill. euro, som tilsvarar 18 mill. euro per år. Ramma på det nye (tredje) programmet er 156,8 mill. euro, som tilsvarar litt over 22 mill. euro per år fordelt på 7 år. Det nye programmet vil innebere ein viss reduksjon i aktivitetsnivået i høve til tidlegare. Bakgrunnen er auka utgifter som mellom anna er knytte til etablering av ei avdeling for forbrukar-spørsmål i EUs byrå for helse.

Då Noreg gjekk inn i rammeprogrammet i år 2000, fekk Barne- og likestillingsdepartementet ei utvida budsjetttramme på 4 mill. kroner til dette føremålet. Men utgiftene har auka til eit høgare nivå, mellom anna som følgje av skipinga av stillinga som nasjonal EFTA-ekspert under programmet, ein jamn auke av administrative utgifter under programmet og økonomisk løyving til det norske kontaktpunktet for tvisteløysingssystemet. Det siste vert dekt over budsjettet til Forbrukarrådet. Det vert rekna at dei samla årlege utgiftene for Noreg under det nye programmet vil liggje på eit nivå rundt 4,5 mill. kroner gjennom heile programperioden. Utgiftene vil verte dekte innanfor rammene av budsjettet til Barne- og likestillingsdepartementet.

Det er ikkje naudsynt med lov- eller forskrifts- endringar i samband med den norske deltakinga i rammeprogrammet.

## 6 Vurdering

---

Deltakinga i rammeprogrammet har gjeve eit betre høve for norsk deltaking og innverknad på eit område der Noreg har eit aktivt engasjement og sterke interesser, og det vert rekna som ønskeleg at deltakinga held fram.

Gjennom arbeidet i den rådgevande komiteen har Noreg teke del i drøftingar og vedtak om årlege prioriterte oppgåver, kriterium for tildeling av midlar og fordeling på ulike prosjekt. Vidare har Noreg teke del i drøftingane om utforminga av det reviderte programmet og gjeve fråsegn om dette til Kommisjonen. Norske organisasjonar har hatt høve til å søkje om prosjektmidlar i tidlegare år, og Statens institutt for forbruksforskning har fått innvilga tre søknader. Under programmet har Barne- og likestillingsdepartementet ein nasjonal ekspert i DG Sanco som arbeider med utvikling av regel-

verk, noko som har vore svært nyttig for EØS-arbeidet til departementet.

Noreg tek aktivt del under programmet i det europeiske nettverket for europeiske forbrukarkontor (ECC-Net). Kontora driv rådgjeving og gjev assistanse til forbrukarar i alle typar spørsmål som gjeld kjøp over landegrensene i EØS-området. Ei av dei sentrale oppgåvene i nettverket er hjelp til utanrettsleg løysing av forbrukartvistar over landegrensene. Kontaktpunkta i kvar stat syter for at forbrukarar får hjelp til å fremje klager, og for at dei når fram til det rette organet dersom det finst eit slikt organ. Kontoret «ForbrukarEuropa», som er knytt til Forbrukarrådet, er kontaktpunkt i Noreg, og hjelper norske forbrukarar som har handla i/frå andre EØS-statar, og forbrukarar i andre EØS-statar som har handla i/frå Noreg. Kontora vert finansierte med inntil 50 % frå Kommisjonen. Kontora har eit nært samarbeid med kvarandre og eit nettverk for å drøfte spørsmål av felles interesse.

## 7 Konklusjon og tilråding

---

Barne- og likestillingsdepartementet tilrår at Noreg tek del i avgjerda i EØS-komiteen om endring av Protokoll 31 om deltaking for EFTA-EØS-statane i det reviderte rammeprogram til EU for forbrukarpolitikk 2007–2013. Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013).

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013), i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

# til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013)

### I

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013).

---

Vedlegg 1

## Avgjerd i EØS-komiteen nr. [...] av [...] om endring av protokoll 31 til EØS-avtala om samarbeid på særlege område utanfor dei fire fridommene

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, endra ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla «avtala», særleg artikkel 86 og 98, og

på følgjande bakgrunn:

1. Protokoll 31 til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. .../... av ...<sup>1</sup>.
2. Samarbeidet mellom avtalepartane bør utvidast til å omfatte europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1926/2006/EF av 18. desember 2006 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk (2007–2013)<sup>2</sup>.
3. Protokoll 31 til avtala bør difor endrast for å gjere eit slikt utvida samarbeid mogleg frå 1. januar 2007 –

TEKE DENNE AVGJERDA:

### Artikkel 1

I protokoll 31 artikkel 6 i avtala vert det gjort følgjande endringar:

1. Etter nr. 3 skal nytt nr. 3a lyde:
  - «3a.EFTA-statene skal fra 1. januar 2007 delta i følgende program:
    - **32006 D 1926:** Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1926/2006/EF av 18. desember 2006 om skiping av eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk (2007–2013) (EUT L 404 av 30.12.2006, s. 39).»

2. Ny tekst i nr. 4 skal lyde:

«EFTA-statene skal bidra finansielt til virksomheten nevnt i nr. 3 og nr. 3a i samsvar med avtalens artikkel 82 nr. 1 bokstav a).»

3. Ny tekst i nr. 5 skal lyde:

«EFTA-statene skal fra den dag samarbeidet om virksomheten nevnt i nr. 3 og nr. 3a innledes, delta fullt ut i de EF-komiteer og øvrige organer som bistår Kommisjonen i å forvalte eller utvikle denne virksomheten.»

### Artikkel 2

Denne avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala<sup>3</sup>.

Avgjerda skal nyttast frå 1. januar 2007.

### Artikkel 3

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

Utferda i Brussel, [...]

*For EØS-komiteen*

*Formann*

[...]

*Sekretærer for EØS-komiteen*

[...]

<sup>1</sup> TEU ...

<sup>2</sup> TEU L 404 av 30.12.2006, s. 39.

<sup>3</sup> [Forfatningsrettslege krav oppgjevne.] [Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.]

**Vedlegg 2**

## **Europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 1926/2006/EF av 18. desember 2006 om skiping av eit felleskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk (2007–2013)**

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNIONEN HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet, særleg artikkel 153, med tilvising til framlegget frå Kommisjonen, med tilvising til fråsegna frå Det europeiske økonomi- og sosialutvalet<sup>1</sup>, med tilvising til fråsegna frå Regionutvalet<sup>2</sup>, etter den framgangsmåten som er fastsett i artikkel 251 i traktaten<sup>3</sup>, og ut frå desse synsmåtane:

1. Fellesskapet kan medverke til vern av helse, tryggleiken og dei økonomiske og rettslege interessene til borgarane gjennom tiltak på området forbrukarvern.
2. Det bør difor skipast eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk for å byte ut europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 20/2004/EF om innføring av ei generell ramme for finansiering av fellesskapstiltak til støtte for forbrukarpolitikken i tidsrommet 2004–2007<sup>4</sup>. Den avgjerda bør difor opphevast.
3. I samsvar med artikkel 153 i traktaten bør integrering av forbrukarinteresser i all fellesskapspolitikk prioriterast høgt saman med dei måla for forbrukarpolitikk som er fastsette i dette programmet. Samordning med annan fellesskapspolitikk og andre fellesskapsprogram er vesentleg for å sikre at det fullt ut vert teke omsyn til forbrukarinteressene på andre politikkområde. For å fremje synergjar og unngå dobbeltarbeid bør det innanfor andre fellesskapsfond og -program fastsetjast ein økonomisk støtte til integrering av forbrukarinteresser på dei områda dei gjeld for.

4. I denne avgjerda er det for heile det tidsrommet som programmet varer, fastsett ei finansiell ramme som utgjer det viktigaste referansegrunnlaget for budsjettstyresmakta ved den årlege budsjetthandsaminga, slik det er definert i punkt 37 i den tverrinstitusjonelle avtala av 17. mai 2006 mellom Europaparlamentet, Rådet og Kommisjonen om budsjett disiplin og betre budsjett handsaming<sup>5</sup>.
5. Det er av allmenn europeisk interesse at helse- og tryggleiksspørsmåla med omsyn til tenester og varer som ikkje er næringsmiddel og dei økonomiske og rettslege interessene til borgarane, tillegg til interessene deira med omsyn til utvikling av standardar for produkt og tenester, er representerte på fellesskapsplan. Med tanke på kva type organisasjonar som dette gjeld, skal ikkje fornyinga av fellesskapsstøtte til verksemda til slike organisasjonar vere underlagd regelen om gradvis nedtrapping av fellesskapsstøtte.
6. Det bør sikrast ein overgang mellom dette programmet og det programmet som det bytar ut, særleg med omsyn til framhaldet av fleirårige tiltak og vurderinga av dei gode resultatata til programmet og område som treng meir merksemd. Frå og med 1. januar 2014 bør løyvingane til den tekniske og administrative støtta om naudsynt dekkje utgiftene til forvaltninga av tiltaksområde som enno ikkje er vortne avslutta innan utgangen av 2013.
7. Dei tiltaka som er naudsynte for å gjennomføre denne avgjerda, bør vedtakast i samsvar med rådsbeslutning 1999/468/EF av 28. juni 1999 om fastsettelse av nærmere regler for utøvelsen av den gjennomføringsmyndighet som er tillagt Kommisjonen<sup>6</sup>.
8. Gjennomføringa av programmet bør ta omsyn til at den indre marknaden ikkje vil verke tilfredsstillande dersom forbrukarar ikkje har det

<sup>1</sup> TEU C 88 av 11.4.2006, s. 1.

<sup>2</sup> TEU C 192 av 16.8.2006, s. 8.

<sup>3</sup> Europaparlamentsfråsegn av 23. mars 2006 (enno ikkje offentleggjort i TEU), felles haldning frå Rådet av 14. november 2006 (enno ikkje offentleggjort i TEU) og haldning frå europaparlamentet av 12. desember 2006.

<sup>4</sup> TEU L 5 av 9.1.2004, s. 1. Avgjerda endra ved avgjerd nr. 786/2004/EF (TEU L 138 av 30.4.2004, s. 7).

<sup>5</sup> TEU C 139 av 14.6.2006, s. 1.

<sup>6</sup> TEF L 184 av 17.7.1999, s. 23. Avgjerda endra ved avgjerd nr. 2006/512/EF (TEU L 200 av 22.7.2006, s. 11).

same vernet i alle medlemsstatar. Programmet bør difor særleg leggje vekt på forbrukarvern og medvitsauking hjå forbrukarane i dei medlemsstatane som vart medlemmer 1. mai 2004 eller etter, med sikte på å sikre like vilkår for alle medlemsstatar.

9. Avtala om det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS-avtala) inneheld føresegner om eit utvida samarbeid på området forbrukarvern mellom på den eine sida Det europeiske fellesskapet og medlemsstatane i EF, og på den andre sida dei statane i Det europeiske frihandelssambandet (EFTA) som tek del i Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EFTA-EØS-statane). Programmet bør òg opnast for deltaking for andre statar, særleg nabostatane til Den europeiske unionen og statar som har søkt om medlemskap i Den europeiske unionen eller som er kandidatar eller tilmeldingsstatar.
10. Innanfor ramma av gjennomføringa av programmet bør det oppmuntrast til samarbeid med tredjestatar som ikkje tek del i programmet, samstundes som det vert teke omsyn til alle gjeldande avtaler mellom desse statane og Fellesskapet.
11. Verdien og verknaden av dei tiltaka som er gjorde innanfor ramma av programmet, bør overvakast og vurderast jamleg, medrekna av uavhengige, eksterne sakkunnige. Med sikte på å vurdere forbrukarpolitikken bør det fastsetjast målbare mål og utarbeidast indikatorar.
12. Ettersom måla for denne avgjerda ikkje kan nåast i tilstrekkeleg grad av medlemsstatane fordi dei aktuelle sakene er av tverrnasjonal art, og difor på grunn av at fellesskapstiltaka meir effektivt kan verne helsa og tryggleiken og dei økonomiske og rettslege interessene til borgarane betre kan nåast på fellesskapsplan, kan Fellesskapet vedta tiltak i samsvar med nærleiksprinsippet, slik det er fastsett i artikkel 5 i traktaten. I samsvar med prinsippet om rimeleg samhøve, slik det er fastsett i den nemnde artikkelen, går ikkje denne avgjerda lenger enn det som er naudsynt for å nå desse måla —

TEKE DENNE AVGJERDA:

#### Artikkel 1

##### Skiping av programmet

Det vert skipa eit fellesskapshandlingsprogram på området forbrukarpolitikk, heretter kalla «programmet», for tidsrommet 31. desember 2006 til 31. desember 2013.

#### Artikkel 2

##### Mål og målsetjingar

1. Målet for programmet skal vere å utfylle, støtte og overvake politikken til medlemsstatane og medverke til vern av helsa, tryggleiken og dei økonomiske og rettslege interessene til forbrukarane, i tillegg til å fremje retten deira til informasjon og utdanning og til å organisere seg for å tryggje interessene sine.
2. Det målet som er nemnt i nr. 1, skal nåast gjennom følgjande målsetjingar:
  - a) sikre eit høgare nivå av forbrukarvern, særleg gjennom betre dokumentasjon, betre samråd og betre representasjon av forbrukarinteressene,
  - b) sikre effektiv bruk av reglane for forbrukarvern, særleg gjennom samarbeid om handheving av regelverket, informasjon, utdanning og rett til å klage.

Desse måla skal nåast gjennom ein kombinasjon av tiltak og verkemiddel frå den lista som er fastsett i vedlegg I, i samsvar med dei prioriteringane som er fastsette i den årlege arbeidsplanen som er nemnd i artikkel 7 nr. 2 bokstav a).

#### Artikkel 3

##### Finansiering

1. Den finansielle ramma for gjennomføringa av programmet er 156 800 000 euro for tidsrommet 31. desember 2006–31. desember 2013.
2. Dei årlege løyvingane skal godkjennast av budsjettstyresmakta innanfor ramma av dei finansielle overslaga.

#### Artikkel 4

##### Finansiell støtte

1. Den finansielle støtta skal ikkje overstige dei følgjande nivåa:
  - a) 50 % av kostnadene for tiltak som vert finansierte av Fellesskapet saman med éin eller fleire medlemsstatar, eller av Fellesskapet saman med dei rette styresmaktene i dei tredjestatane som tek del i medhald av artikkel 8, med unntak av tiltak som har særleg stor nytteverdi, som Fellesskapet skal dekkje høgst 70 % av kostnadene for.
  - b) 85 % av kostnadene for tiltak med sikte på å utvikle integrerte europeiske mastergradskurs i forbrukarspørsmål,
  - c) 50 % av kostnadene til drifta av europeiske forbrukarorganisasjonar,

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013)

- d) 95 % av kostnadene til drifta av europeiske forbrukarorganisasjonar som representerer forbrukarinteressene i utarbeidinga av standardar for produkt og tenester på fellesskapsplan.
2. Finansiell støtte frå Fellesskapet kan vere i form av:
  - a) individuelle mobilitetsstipend for lærarar og studentar innanfor ramma av integrerte europeiske mastergradskurs i forbrukar-spørsmål. Forvaltninga av desse stipenda kan overlatast til dei nasjonale Erasmus-kontora innanfor ramma av programmet for livslang læring.
  - b) reise- og opphaldsutgifter i samband med utveksling av tenestemenn som skal handheve regelverket.
3. Kriteria for vurdering av om tiltak har særleg stor nytteverdi, som nemnt i nr. 1 bokstav a), skal fastsetjast på førehand i den årlege arbeidsplanen. Tiltak som har særleg stor nytteverdi skal særleg gagne forbrukarar frå medlemsstatar som vart medlemmer av Den europeiske unionen 1. mai 2004 eller etter.
4. Lenginga av den finansielle støtta som er fastsett i nr. 1 bokstav c) og d), skal ikkje vere underlagd regelen om gradvis nedtrapping.
5. Med omsyn til nr. 1 og 2 kan finansiell støtte frå Fellesskapet òg gjevast i form av faste støttesatsar eller eingongssummar dersom det er føremålstenleg med omsyn til dei aktuelle tiltaka slik dei er definerte i den årlege arbeidsplanen. Når det gjeld finansiering ved faste støttesatsar eller eingongssummar skal dei prosentsatsane som er fastsette i nr. 1, ikkje nyttast sjølv om det framleis er krav om samfinansiering.

#### Artikkel 5

##### Støttemottakarar

Dei gruppene av støttemottakarar som kan motta den finansielle støtta som er fastsett i artikkel 4, er førde opp i vedlegg II.

#### Artikkel 6

##### Administrativ og teknisk støtte

1. Den finansielle ramma for programmet kan òg omfatte utgifter som er knytte til førebuing, overvaking, kontroll, revisjon og vurdering som er direkte naudsynt for gjennomføringa av programmet og for at måla for programmet skal nåast, særleg til granskingar, møte, informasjons- og publiseringsverksemd, utgifter knytte til IT-nett for utveksling av informasjon og til

- eventuelle andre former for teknisk og administrativ støtte som Kommisjonen kan fastsetje i samband med forvaltninga av programmet.
2. Den finansielle ramma for programmet kan òg omfatte dei utgiftene til teknisk og administrativ støtte som er naudsynte for å sikre overgangen mellom programmet og dei tiltaka som er gjorde i medhald av avgjerd nr. 20/2004/EF. Løyvingar kan eventuelt først opp i budsjettet etter 2013 for å dekkje desse utgiftene som er naudsynte for å kunne forvalte tiltaksområde som ikkje er fullførde innan 31. desember 2013.

#### Artikkel 7

##### Gjennomføring

1. Kommisjonen er ansvarleg for å gjennomføre programmet.
 

Ved gjennomføringa av tiltaka for å nå dei måla og målsetjingane som er fastsette i artikkel 2, skal det gjerast full nytte av høvelege tilgjengelege framgangsmåtar, medrekna særleg direkte eller indirekte sentral gjennomføring av Kommisjonen.
2. Den framgangsmåten som er nemnd i artikkel 10 nr. 2, skal nyttast på vedtakinga av:
  - a) den årlege arbeidsplanen for gjennomføringa av programmet, der det er fastsett:
    - prioriteringar og tiltak som skal gjerast, medrekna tildelinga av finansielle midlar,
    - utveljings- og tildelingskriterium og kriterium for prosentsatsen for den finansielle støtta frå Fellesskapet,
    - bruk av faste støttesatsar eller eingongssummar, og
    - tidsplanen for tilbodsinnbydingar, felles tiltak og innbydingar til framlegg.
  - b) ordningane, medrekna utveljings- og tildelingskriteria, for gjennomføring av dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a).
3. Kommisjonen skal gje det utvalet som er nemnt i artikkel 10, melding om dei tiltaka som er gjorde for å gjennomføre programmet.

#### Artikkel 8

##### Deltaking for tredjestatar

Programmet er ope for deltaking for

- a) EFTA-EØS-statane i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i EØS-avtala,
- b) tredjestatar, særleg statar som er omfatta av den europeiske naboskapspolitikken, statar som har søkt om medlemskap i Den europeiske unionen eller som er kandidatatar eller tilmel-



dingsstatar, og statane på Vest-Balkan som inngår i stabiliserings- og assosieringsprosessen, i samsvar med dei vilkåra som er fastsette i dei høvesvise tosidige eller fleirsidige avtalene med desse statane om dei allmenne prinsippa for deltakinga deira i fellesskapsprogram.

#### Artikkel 9

##### Overvaking, vurdering og spreiiing av resultat

1. Kommisjonen skal, i nært samarbeid med medlemsstatane, overvake gjennomføringa av tiltaka i programmet på bakgrunn av dei måla som er fastsette. Han skal sende over ein rapport til det Utvalet som er nemnt i artikkel 10, og melde frå til Europaparlamentet og Rådet om dette.
2. På oppmoding frå Kommisjonen skal medlemsstatane leggje fram for Kommisjonen informasjon om gjennomføringa og verknaden av programmet.
3. Kommisjonen skal sikre at programmet vert vurdert tre år etter at det vart sett i verk, og etter at det er avslutta. Kommisjonen skal leggje fram resultata av desse vurderingane, saman med merknadene sine, for Europaparlamentet, Rådet, Det europeiske økonomi- og sosialutvalet og Regionutvalet.

Kommisjonen skal gjere resultata av dei tiltaka som er sette i verk i medhald av denne avgjerda, offentleg tilgjengelege.

#### Artikkel 10

##### Utvalsframgangsmåte

1. Kommisjonen skal få hjelp av eit utval.
2. Når det vert vist til dette nummeret, skal artikkel 3 og 7 i avgjerd 1999/468/EF nyttast, samstundes som det vert teke omsyn til føresegnene i artikkel 8 i den nemnde avgjerda.
3. Utvalet fastset møteføresegnene sine.

#### Artikkel 11

##### Oppheving

Avgjerd 20/2004/EF vert oppheva.

#### Artikkel 12

##### Iverksetjing

Denne avgjerda skal nyttast frå dagen etter at ho er kunngjord i Tidend for Den europeiske unionen.

Utfërda i Brussel, 18. desember 2006.

*For Europaparlamentet*

J. BORRELL FONTELLES

*President*

*For Rådet*

J.-E. ENESTAM

*Formann*

#### Vedlegg I

##### Tiltak og verkemiddel som er nemnde i artikkel 2

##### Målsetjing I

Sikre eit høgare nivå av forbrukarvern, særleg gjennom betre dokumentasjon, betre samråd og betre representasjon av forbrukarinteressene.

##### Tiltak 1

Innsamling, utveksling og analyse av data og opplysningar som utgjer dokumentasjonsgrunnlaget for utviklinga av forbrukarpolitikken og integreringa av forbrukarinteresser innanfor EU-politikken på andre område, medrekna:

- 1.1. Overvaking og vurdering av marknadsutvikling som har innverknad på dei økonomiske interessene og andre interesser til forbrukarane, medrekna granskingar prisgranskingar, granskingar av endringar i marknadsstrukturane, granskingar av forbrukarar og føretak, kartlegging og analysar av forbrukarklager, innsamling og analyse av opplysningar om handel og marknader mellom forbrukarar og føretak på tvers av landegrensene.
- 1.2. Utvikling og vedlikehald av databasar.
- 1.3. Innsamling og analyse av statistiske opplysningar og andre relevante opplysningar. I utviklinga av den statistiske delen vil statistikkprogrammet til Fellesskapet verte nytta der det er føremålstenleg.

##### Tiltak 2

Innsamling, utveksling, analyse av data og opplysningar og utvikling av vurderingsverktøy som utgjer dokumentasjonsgrunnlaget for tryggleiken med omsyn til forbruksvarer og -tenester, medrekna eksponering av forbrukarar for kjemikalier frå produkt, risikoar og skadar i samband med særskilde forbruksvarer og -tenester og tekniske analysar av meldingar om fare.

##### Tiltak 3

Støtte til vitenskapleg rådgjeving og risikovurdering, medrekna oppgåvene til det uavhengige vitenskaputvalet som er fastsett ved kommisjonsavgjerd 2004/210/EF av 3. mars 2004 skiping av vitenskaputval på områda forbrukartryggleik, folkehelse og miljø<sup>7</sup>.

<sup>7</sup> TEU L 66 av 4.3.2004, s. 45.

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av rammeprogrammet til EU for forbrukarpolitikk (2007–2013)

#### Tiltak 4

Førebuing av initiativ til fellesskapsregelverk og andre reglar, og fremjing av initiativ til utarbeiding av felles og eigne reglar, medrekna:

- 4.1. Juridisk og teknisk sakkunne, medrekna granskingar, i samband med utarbeiding av reglar og verknaden av dette.
- 4.2. Juridisk og teknisk sakkunne, medrekna granskingar, i samband med utarbeiding av politikk når de gjeld tryggleik med omsyn til varer og tenester og dei økonomiske og rettslege interessene til forbrukarane.
- 4.3. Juridisk og teknisk sakkunne, medrekna granskingar, i samband med at det trengst standardar for produkttryggleik og utarbeiding av standardiseringsmandat for varer og tenester.
- 4.4. Seminar, konferansar, arbeidsgrupper og møte mellom aktørar og sakkunnige.

#### Tiltak 5

Finansiell støtte til drifta av europeiske forbrukarorganisasjonar .

#### Tiltak 6

Finansiell støtte til drifta av europeiske forbrukarorganisasjonar som representerer forbrukarinteressene i utarbeidinga av standardar for produkt og tenester på fellesskapsplan.

#### Tiltak 7

Kompetansebygging for regionale, nasjonale og europeiske forbrukarorganisasjonar, særleg gjennom opplæring og utveksling av best mogleg praksis og sakkunne for personalet, særleg for forbrukarorganisasjonar i medlemsstatar som vart medlemmer av Den europeiske unionen 1. mai 2004 eller etter.

### Målsetjing II

Sikre effektiv bruk av reglane for forbrukarvern, særleg gjennom samarbeid om handheving av regelverket, informasjon, utdanning og rett til å klage.

#### Tiltak 8

Tiltak for å betre den effektive bruken av fellesskapsregelverket for forbrukarvern, særleg europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/95/EF av 3. desember 2001 om alminnelig produktsikkerhet<sup>8</sup> og europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 2006/2004 av 27. oktober 2004 om samarbeid mel-

lom nasjonale myndigheter med ansvar for handheving av forbrukervernlovgeving<sup>9</sup>, medrekna:

- 8.1. Tiltak for å betre samordninga av overvakinga og handhevinga og for å betre samarbeidet mellom dei rette styresmaktene, medrekna utvikling og vedlikehald av IT-verktøy (t.d. databasar, informasjons- og kommunikasjonssystem) og organisering av seminar, konferansar, arbeidsgrupper og møte mellom aktørar og sakkunnige om handheving, utveksling av tenestemenn som skal handheve regelverket og opplæring, også for medlemmer av domstolane.
- 8.2. Overvaking og vurdering av tryggleiken til varer og tenester som ikkje er næringsmiddel, medrekna styrking og utviding av verkeområdet til varslingsystemet RAPEX, samstundes som det vert teke omsyn til utviklinga innanfor utveksling av informasjon frå marknadsovervaking, og vidare utvikling av det tryggleiksnettet for forbrukarprodukt som er fastsett i direktiv 2001/95/EF.
- 8.3. Felles overvakings- og handhevingstiltak og andre tiltak med omsyn til forvaltings- og handhevingssamarbeid.
- 8.4. Tiltak med omsyn til forvaltings- og handhevingssamarbeid med tredjestatar som ikkje tek del i programmet.

#### Tiltak 9

Juridisk og teknisk sakkunne, medrekna granskingar, med sikte på å overvake og vurdere korleis medlemsstatane innarbeider, gjennomfører og handhevar fellesskapsregelverket for forbrukarvern, særleg europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/29/EF av 11. mai 2005 om foretaks urimelige handelspraksis overfor forbrukere i det indre marked<sup>10</sup> og forordning (EF) nr. 2006/2004. Dette omfattar òg utvikling og vedlikehald av offentlege og lett tilgjengelege databasar om gjennomføringa av fellesskapsregelverket for forbrukarvern.

#### Tiltak 10

Tiltak med omsyn til informasjon, rådgjeving og rett til å klage:

- 10.1. Overvaking av korleis alternative tvisteløysingsordningar verkar og vurdering av verknaden deira.
- 10.2. Finansiell støtte til felles tiltak med offentlege eller ideelle organ som som er ein del av fellesskapsnett som hjelper forbrukarane med

<sup>8</sup> TEF L 11 av 15.1.2002, s. 4.

<sup>9</sup> TEU L 364 av 9.12.2004, s. 1. Forordninga endra ved direktiv 2005/29/EF (TEU L 149 av 11.6.2005, s. 22).

<sup>10</sup> TEU L 149 av 11.6.2005, s. 22.

informasjon og støtte til å nytte rettane sine og få tilgang til høvelege tvisteløysingsordningar (det europeiske nettet for forbrukarsenter).

- 10.3. Tiltak som betrar kommunikasjonen med EU-borgarar om forbrukarspørsmål, særleg i medlemsstatar som vart medlemmer av Den europeiske unionen 1. mai 2004 eller etter, medrekna publikasjonar om spørsmål som har med forbrukarpolitikk å gjere, direktekopla informasjon og informasjon om tiltak for forbrukarvern og forbrukarrettar.

#### Tiltak 11

Tiltak for utdanning av forbrukarar, medrekna:

- 11.1. Særskilte tiltak retta mot unge forbrukarar, gamle forbrukarar og sårbare grupper av forbrukarar som har klare vanskar med å ta vare på interessene sine, og utvikling av interaktive verktøy for utdanning av forbrukarar.
- 11.2. Finansiell støtte til utviklinga av integrerte europeiske mastergradskurs i forbrukarspørsmål, medrekna ei stipendordning som gjer det mogleg for studentar å få opphald på inntil seks månader i eit anna land.

#### Vedlegg II

##### Støttetiltak som kan motta den finansielle støtta som er fastsett i Artikkel 4

1. Den finansielle støtta til dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a), kan tildele eit offentleg organ eller ein ideell organisasjon som er peikt ut etter ein oversiktleg framgangsmåte av den medlemsstaten eller den rette styresmakta som det gjeld, og som Kommisjonen har godkjent.
2. Den finansielle støtta til dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav b), kan tildele institusjonar for høgare utdanning i medlemsstatar eller tredjestatar som tek del i samsvar med artikkel 8, som definert i artikkel 2 i europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 2317/2003/EF om skiping av eit program for å betre kvaliteten innanfor høgare utdanning og å fremje tverrkulturell forståing gjennom samarbeid med tredjestatar (Erasmus Mundus) (2004–2008)<sup>11</sup>.
3. Den finansielle støtta til dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav a), kan tildele studentar og lærarar som tek del i integrerte europeiske mastergradskurs i forbru-

karspørsmål som vert samfinansierte i medhald av artikkel 4 nr. 1 bokstav b).

4. Den finansielle støtta til dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav b), kan tildele dei tenestemennene som skal handheve regelverket for forbrukarvern som er nemnde i forordning (EF) nr. 2006/2004 og direktiv 2001/95/EF.
5. Den finansielle støtta til dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav c), kan tildele europeiske forbrukarorganisasjonar som:
  - a) er ikkje-statlege, ideelle, uavhengige av industri, handel og næringsliv eller andre motstridande interesser, og som har som hovudmål og -verksemd å fremje vernet av helsa, tryggleiken og dei økonomiske og rettslege interessene til forbrukarane i Fellesskapet,
  - b) har fått mandat til å representere interessene til forbrukarane på fellesskapsplan av nasjonale forbrukarorganisasjonar i minst halvparten av medlemsstatane, og som i samsvar med nasjonale reglar eller nasjonal praksis er representative for forbrukarane og verksame på regionalt eller nasjonalt plan, og
  - c) har gjeve Kommisjonen ei tilfredsstillande utgreiing om medlemstala, vedtektene og finansieringskjeldene sine.
6. Den finansielle støtta til dei tiltaka som er nemnde i artikkel 4 nr. 1 bokstav d), kan tildele europeiske forbrukarorganisasjonar som:
  - a) er ikkje-statlege, ideelle, uavhengige av industri, handel og næringsliv eller andre motstridande interesser, og som har som hovudmål og -verksemd å representere forbrukarinteressene i standardiseringsprosessen på fellesskapsplan, og som
  - b) har fått mandat i minst to tredelar av medlemsstatane til å representere forbrukarinteressene på fellesskapsplan
    - av organ som, i samsvar med nasjonale reglar eller nasjonal praksis, representerer nasjonale forbrukarorganisasjonar i medlemsstatane, eller
    - dersom organa i det første strekpunktet ikkje finst, av nasjonale forbrukarorganisasjonar i medlemsstatane som, i samsvar med nasjonale reglar eller nasjonal praksis, representerer forbrukarane og er verksame på nasjonalt plan.
  - c) har gjeve Kommisjonen ei tilfredsstillande utgreiing om medlemstala, vedtektene og finansieringskjeldene sine.

<sup>11</sup> TEF L 345 av 31.12.2003, s. 1.

